



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
12.10.2018  
Dykkar dato  
20.09.2018

Vår referanse  
2018/11802 421.3  
Dykkar referanse  
18/2242

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Uttale til dispensasjon til forlenging av flytebrygge på Knarvik - Lauvåssjøen, gnr. 121, bnr. 43, Lindås.**

Vi viser til brev frå kommunen datert 20.09.2018. Saka gjeld slik vi forstår det søknad om dispensasjon for forlenging av eksisterande flytebrygge. Det er søkt om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona etter pbl. § 1-8 og for arealføremålet, fastsett som *fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske* i Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommune- og reguleringsplanlegging, jf. Ot.prp. 32 (2007-08) s. 242.

Fylkesmannen ser det som fornuftig å samle båtplassar i områder der det er tiltak ifrå før og vi oppfattar slik sett dette som ein fornuftig plassering av nye båtplassar.

Vi vil likevel peike på at tiltaket burde vore avklart i overordna plan. Det er snakk om ein forlenging av flytebrygge med 2 x 12 meter og det er teikna inn 12 nye båtplassar. Fylkesmannen har tidlegare vurdert at 10 nye båtplassar er grense for reguleringsplikt i kommuneplanar. Kommune bør difor vurdere om det er naudsynt med dispensasjon frå reguleringsplikt jf. pbl. § 12-1. Vi meiner i tillegg at det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet, sidan område flytebrygga er festa i har dette formålet.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*